

Repsak nr 08-20 Samarbeid / samanslåing RIR-ÅRIM-VØR - status.

Tilråding til vedtak:

Representantskapet tek orienteringa om status i arbeidet med å utgreie samarbeid/ samanslåing til vitande.

Saksutgreiing.

Innleiing

Saka kjem etter planen fram til representantskapet tidleg i haust, der de då skal ta stilling til vegen vidare for VØR

Ordinært møte vert avvikla 1 september, og då skal de handsame strategiplan, økonomiplan og budsjett 2021. Om saksutgreiing og intensjonsavtale er klar i slutten av august, vil det verte lagt fram. Dersom ikkje vert det på eit ekstramøte. Når veit vi ikkje enno. I tillegg håper vi covid-19 restriksjonane er oppheva, slik at vi får gitt meir informasjon og opplæring, som dessverre må gå ut på dagens møte.

Saka på møtet den 28 april, er å sjå på som ei «løypemelding», slik at representantskapet er kjend med status pr. dato.

Vedtak i saka

Styret i VØR gjorde slikt samrøystes vedtak i sak 21-20 den 24 mars:

1. Styret tek orienteringa om status i arbeidet med å utgreie samarbeid/ samanslåing til vitande.
2. Styret rår til at arbeidet med å få på plass ein intensjonsavtale til august / september held fram, slik at avgjerdsgrunnlaget for våre eigarar vert så grundig og godt som råd.
3. Styret ber om at utgreiingsarbeidet vert gjennomført på ein transparent måte.
4. Styret ber om å få sak seinare vedkomande kostnadsoverslag og inndekning.

Representantskapet gjorde slikt vedtak den 8 oktober 2019 i sak 09-19. Utvida samarbeid for VØR evt. samanslåing med andre selskap.

Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:

1. *Representantskapet ser at det går føre seg fleire strukturendringar rundt oss og at større selskap jamt over driv meir kostnadseffektivt som følgje av fleire stordriftsfordelar enn mindre selskap.*
2. *Representantskapet vil likevel peike på at VØR til no har greidd seg bra i høve gebyr og tilbod og synes også å gjere dei komande år. I eit litt lengre perspektiv vil dette verte utfordra. Representantskapet ser det slik at eigarane no bør gjere ei vurdering om korleis ein kan gi innbyggjarane dei beste tilboda i framtida.*
3. *Representantskapet rår kommunane til å sette ned eit utval med representantar frå begge kommunane og frå VØR, som får i oppgåve å greie ut dei ulike alternativ. Å gå mot nord ilag med Arim, mot vest til SSR, mot sør som er NOMIL eller å fortsette åleine. Frist for å levere innstilling desember 2020.*

Temaet engasjerer. Den 18 oktober gjorde representantskapet i Romsdal Interkommunale Renovasjonsselskap (RIR) , uavhengig av VØR, eit liknande vedtak.

Vedtaket lyder:

Vedtak i representantskapet i RIR 18. oktober 2019

10/19: Evaluering av egenregidrift for innsamling

Behandling:

Vedtak:

1. Dagens drift av innsamling i egenregi videreføres for de 4 RIR-kommunene Molde, Aukra, Hustadvika. Gjemnes mens innsamling i Rauma settes ut på anbud så raskt som mulig. RIR Transport AS kan gi tilbud i Rauma om selskapet ønsker det.
2. Det gjennomføres sonderinger med ÅRIM om samling av transportvirksomhetene for de to selskapene.
3. Ny evaluering av egendrift for innsamling skal gjennomføres i 2024.
4. RIR bør ta initiativ til å vurdere et tettere samarbeid og mer utveksling av kompetanse med de andre kommunalt eide renovasjonsselskapene i regionen.

I punkt 4 i vedtaket involverer ein mellom anna VØR, slik ÅRIM sitt vedtak og gjer.

Den 21 oktober gjorde representantskapet i Ålesundsregionen sitt interkommunale renovasjonsselskap (ÅRIM) slikt vedtak:

Vedtak i representantskapet i ÅRIM 21. oktober 2019

Sak 5: Organisering av renovasjonstenestene etter 2021

Samrøystes vedtak i tråd med innstillinga:

1. ÅRIM vidarefører innsamlinga med eigne tilsette inntil vidare.
2. ÅRIM skal halde fram med å delta i undersøkingar for å samanlikne kostnadseffektiviteten i selskapet med tilsvarande selskap med lik og anna organisering.
3. ÅRIM bør ta initiativ til å vurdere eit tettare samarbeid og meir utveksling av kompetanse med dei andre kommunalt eigde renovasjonsselskapa i regionen.

Kvifor slå saman renovasjonsselskapa - kva skjer rundt oss?

Selskapa slår seg saman både nord og sør om oss, og drivkrafta bak det, er fleire. Behovet for å få til kortreiste løysingar på handsaming av avfall er eitt. Dette er uråd utan å måtte handtere større mengder avfall enn det kvart einskild selskap rår over i dag.

Å kunne gi stabil gebyrutvikling og fagleg gode tilbod over tid er andre argument. Små selskap er meir sårbare overfor svingingar i gebyr når nye tiltak etter lovkrav må på plass.

Avfallsbransjen har endra seg mykje i siste åra. Nordfjord Miljøverk har vakse til 44.000 innbyggjarar frå nyttår, etter at tidligare Flora Kommune vart med. Ifølgje fagblada vår, er der no samtalar om å slå saman avfallsselskapet i Nordfjord med Sogn og Sunnfjord sitt. Totalt vil det femne om meir enn 110.000 innbyggjarar.

NIR og alle Nordmøres kommunane med ca. 60.000 innbyggjarar er no gått saman med tidligare Hamos IKS (Frøya, Hitra, Hemne, Agdenes, Meldal, Rennebu, Orkdal, Snillfjord, Skaun, Rindal og Surnadal) og Envina IKS (Melhus og Midtre Gauldal) i Sør Trøndelag til ReMidt IKS. Totalt 130.000 innbyggjarar.

I Romsdal gjekk Rauma inn i RIR sist haust, slik at RIR no utfører tenester for 59.000 innbyggjarar.

Dei tre selskapa RIR, Årim og VØR til saman, vil femne om 180.000 innbyggjarar.

Oppfølgingsmøte 4 desember 2019.

Styreleiarane i dei tre selskapa møttes i Ålesund til møte den 4 desember 2019.

Møtet avklara at her er felles utfordringar på renovasjonsområdet i regionen Møre og Romsdal, og at det kan verte krevjande å nå dei politiske måla som er vedtekne på nasjonalt nivå, utan endringar i struktur.

Ingen av representantane for selskapa som var til stades vil åleine ha ressursar store nok til å bygge nedstraums anlegg som må til for å nå nasjonale mål om 65 % materialgjenvinning og venta auke i disse.

Det var og tatt opp at fagmiljøa som er i selskapa og isolert sett fungerer godt, likevel er små og sårbare og at fleire viktige fag hadde vore ynskjelege for å kunne gi innbyggjarane eit betre tilbod.

Det vart konsensus om at ei styringsgruppe for det vidare arbeid må settast ned og at det må vere dei daglege leiarane.

Stillingsvern

Det var og semje om at arbeidsplassane og kompetansen som i dag er i selskapa, trengst i eit eventuelt nytt selskap, og at effektivisering i form at stillingsreduksjonar vert å ta med naturleg avgang.

Ny styrehandsaming i VØR

Utifrå vedtaket i representantskapet som peika på ei mogleg retning for VØR i form av samanslåing, og utifrå at ein ikkje ynskde å miste påverkingskraft i det arbeidet som Årim og RIR hadde sett i gang, gjorde såleis styret i VØR slikt nytt vedtak i saka i styremøte 4 februar 2020.

1. Styret ber dagleg leiar arbeide vidare med å få fram eit avgjerdsgrunnlag som skal fram for styrande organ på eit seinare tidspunkt.
2. Styret ber om at tilsettere representant vert med i evt. styringsgruppe.

6 februar – møte i styringsgruppa.

Den 6 februar møttest dei daglege leiarane i eit 6 timers møte, for å meisle ut vegen vidare. Det vart raskt konkludert med at prosjektleiar vert å engasjere når intensjonsavtalen evt. er godkjent, for å halde kostnadene nede.

Involvering av tilsette

Med visning til styret i VØR sitt vedtak av 4 februar, vart det vedteke å invitere inn Fagforbundet i gruppa. Fagforbundet organiserar dei aller fleste i dei tre selskapa. Fagforbundet hadde møte den 14 februar, og stiller med Heidi Steinnes, HTV Årim.

Tidslinje

Eit utkast til grunnlagsdokument for framdrift vart utarbeida av RIR der det var semje om å få framlagt ein intensjonsavtale som representantskapet i dei ulike selskapa, får seg framlagt i

september / oktober 2020. I seinare møte var det semje om å prøve å presentere eit første utkast til rapport i felles styresamling i Molde 19-20 mai.

Siktemålet er at eigarane skal få eit så godt avgjerdsgrunnlag som råd, før vi legg alt for mykje arbeid og kostnader inn i ulike arbeidsgrupper. Evt. samanslåing bør vere frå 01.01.2022.

Dei neste møta i styringsgruppa var 25 februar og 9 mars, etter møte med Sunnmøre Regionråd.

På møtet den 25 februar, kom Trond Lauritsen frå Bingsa Næring AS inn i gruppa.

Kva skal intensjonsavtalen innehalde ?

På møtet den 25 februar og i e-post utveksling etterpå, var innhaldet i ein intensjonsavtale diskutert. Intensjonsavtalen må synleggjere fleire tilhøve. Faglege fordelar / ulemper med eit større selskap. Kva effekt ei samanslåing kan gi i form av gebyrutvikling med eit felles selskap. Økonomisk tilstand til dei tre selskapa. Juridiske sider ved ei samanslåing. Administrative konsekvensar. Miljømessige tilhøve, som t.d. kva slags effekt ein kan få med regionale nedstraums anlegg som ein i dag må til Austlandet / Trøndelag for å finne. Synleggjering av Logistikkonsekvensar og evt. betre utnytting av anleggs struktur.

Kva må utgreiast ?

Ein ser for seg at dei punkta som er nemnde ovanfor, må utgreiast, i tillegg til å få fram 0-alternativet, fortsatt drift som i dag. Slik 0 – alternativ er det vanleg å operere med i statleg planlegging og konsekvensutgreiing, og bør vere slik her og. Årim styret har bedt om utgreiing av økonomi, juss og logistikk vert gjort av eksterne og uavhengige rådgjevarar, noko underteikna støttar. Det har ein verdi i seg sjølv uansett utfall, som vi kan lære av og slike uavhengige rapportar gir større truverde.

1. Økonomi

Ein var der samde om at alle selskapa må stille med rekneskaps og avfallsopplysningar frå 2019 i den årlege undersøkinga arrangert av Avfall Norge, Renovasjonsbenchmarking 2020 (RBM2020) i regi av Avfall Norge. Data herifrå vil vere på plass innan utgangen av mai 2020.

I tillegg må vi ha ein Due Dilligence for å synleggjere verdier i næringssselskapa, fri eigenkapital og økonomiske verdier som ikkje er synleggjorde i rekneskapa. BDO vart spelt inn som aktuelle. Dette er aktuelt først i fase 2.

2. Juridiske / administrative tilhøve.

Her gjorde Hanne Torkelsen, tidligare KS Bedrift jurist, ein god jobb ved etableringa av Remidt IKS. Vi prøver å engasjere henne for å gjere tilsvarande arbeid for oss, og har fått tilbod på det.

Vi ber og om ei utgreiing av korleis næringsverksemda skal organiserast, inklusiv fast eigedom som er ulikt organisert i dei tre selskapa. Vi bør legge til grunn at kommunane neppe vil yte eingongs tilskot inn i eit nytt selskap for at det nye IKS-et skal eige alt av anlegg, tomter eller næringssselskap.

RIR og VØR er selskap som vart etablert på 1980 talet og eig nesten alt av bygg og anlegg sjølv. VØR leiger miljøstasjonen i Hornindal med Volda Kommune, og eig alt anna sjølv. Eg oppfatta det slik at RIR har det tilsvarande i kommunane utanfor Molde.

I Remidt IKS, der løysinga vart at kommunane med store næringssselskap fekk ein større eigarskap enn andre i det fusjonerte næringssselskapet utifrå verdifastsetting ved inngang i nytt selskap. «Orkland modellen.» Poenget er at dette er løysbart på mange ulike måtar.

I møtet den 25 februar drøfta vi meir igjennom korleis næringssselskapa er organisert. Næring oppstår derfor heile tida i IKS selskapa utan aktiv marknadsføring, og må utifrå lovverket handterast deretter.

For det første pålegg ureiningslova kommunane å ha mottaksordningar for næringslivet på Farleg avfall inn til 1000 kg pr. år. Dette er ein del av samfunnsoppdraget til kommunane og det er fornuftig. Det kostar å ha eit mottaksanlegg for Farleg avfall i form av anlegg, utstyr og ikkje minst kompetanse. Volumet er derimot lågt i årstonnasje, slik at det er krevjande å rekne avkastning på slik investering utifrå bedriftsøkonomiske tenkemåte. På den andre side kan farleg avfall på avvegar verte dyrt for samfunnet i eit både kort og langt perspektiv, og må i størst mogleg grad samlast inn. Siste signala frå EU til dømes, er krav om ytterligare innsats for å samle inn meir FA frå 2025.

For det andre vel mindre næringsverksemdar aktivt IKS selskapa sine ordningar fordi dei får eit betre sorteringstilbod, gjerne under tak, enn hos næringsaktørane.

For det tredje er det i IKS selskapa sin eigeninteresse å få volum gjennom investeringar i dyre anlegg, slik at einingskostnaden både for privat og næring, vert så låg som råd.

Det synes som RIR og VØR er relativt tradisjonelt organiserte og like, medan ÅRIM avviker i måten selskapet er bygt opp.

Årim er eit ungt selskap i samanlikning med dei andre, og har ein modell basert på at kommunane eig tomter og bygg ut miljøstasjonar, og så leiger ÅRIM av kommunen og har ansvar for tilsette. (Slik eg ser det, er denne organiseringa ein av grunnane til at gebyret er høgre hos Årim, enn hos RIR og VØR.)

Ein måte å få selskapa like på, er at ÅRIM kommunane skyt inn kontanttilskot ved etablering av nytt selskap, for å «likestille inngangsverdiene». Det meiner gruppa er lite realistisk.

For eigen del vil eg rå ifrå at næringssselskapa vert selt ut, som kan vere eit alternativ. I praksis er der berre ein nasjonal kjøpar av avfallsselskap i dag og akkurat det selskapet har alt ei stor rolle i vårt område.

Det offentlege bør stimulere til konkurranse, og då er det i vår offentlege interesse at her er fleire aktørar i marknaden både for næringslivet i våre kommunar og for oss sjølve.

3. Miljømessige tilhøve og Logistikk og anlegg

Her engasjerer vi Norwaste AS med tidligare direktør i Avfall Norge AS Henrik Lystad og tidligare direktør i Norsk Gjenvinning AS, Bjørn Kopstad. Dei er fagleg sterke på dette feltet.

4. Selskapsstrukturen i Ålesund sin rolle

Dette vart nemnt som eit tema, og som ikkje er ei sak for dei tre IKS selskapa.

Kva kostar etterbehandlingsanlegg og kva krev det av oppslutning?

Storleik vil Norwaste seie meir om vil eg tru, men mitt faglege inntrykk er at å etablere nedstraums handsamingskapasitet slik det er tale om her, er tilnærma uråd utan eit befolkningsgrunnlag bak seg i storleik minst 160.000 innbyggjarar. Det opererte Romerike Avfall foredling IKS med (ROAF), som grunnlag for å bygge ettersorteringsanlegg, og liknande tal kom fram i Stavangerregionen (IVAR) sin analyse. For biogassanlegg er tala i same storleik.

Dette forklarar kvifor vi leverar avfall basert på konkurranse til det sentrale austlandet utlandet, eller Sverige der befolkningskonsentrasjonane er større.

Klimakrava frå våre myndigheter og politisk hald gjer at denne marknadstenkinga er under press frå myndigheter og opinion som krev reduksjon av utslepp av klimagassar og utslepp frå transport generelt. Løysinga er regional utnyttinga av ressursane i avfall som vil gi reduksjon i utslepp og lokal verdiskaping. Dei to norske ettersorteringsanlegga som er bygde, har kosta rundt 3-500 mill. kr. Biogassanlegg kostar 150-200 mill. kr med dagens krav til lukttett behandling. Billigare anlegg finst, men då bør dei ligge geografisk langt frå naboar.

Andre samfunnstrendar

Samfunnet vårt vert meir og meir ope og transparent. Mykje som resultat av at IT mogleggjer det. Dette krev meir og annleis kompetanse inn i organisasjonane enn det vi tradisjonelt har hatt. For små selskap med få abonnentar å fordele kostnadene på og lite turn over, kan dette verte krevjande. Selskapa kan verte oppfatta som utdaterte av brukarane.

Endra kompetansekrav som følgje av samfunnsutviklinga krev spesialisert innsats på stadig nye områder. I 2020 skal VØR ISO sertifisere seg, og vi må etablere industrivern aktivitetar. I byggeprosjekt er det krav om at byggherre skal ha, og kan ikkje delegere frå seg SHA rådgjevar som skal ha formell kompetanse på masternivå. (sikkerhet, helse og arbeidsmiljø) Kravet til høgare kompetanse på fleire områder, vil favorisere større einingar, som kan tilby heile stillingar framfor låge stillingsbrøkar. For som alltid gjeld det at skal ein bli god på noko, må ein øve på sitt fag.

Kva blir effekten for oss som bransje av Klimakur 2030 ?

Regjeringa la i februar fram plan for korleis landet skal verte klimanøytralt i 2030. Planen har fått namnet Klimakur 2030, og i planen har avfallsbransjen fått ei viktig rolle.

Regjeringa legg opp til kraftig reduksjon av Co2 utslepp frå transport som eit av dei viktigaste satsingsområda. Her legg planen opp til å arbeide langs to liner. Fornybart og berekraftig drivstoff og generell stopp i auke av transport.

Utsleppsfrie køyretymodellar som har energi frå fornybart drivstoff, skal fasaast inn. (el, biogass, anna biodrivstoff) Auken i godstransport skal kome frå bruk av avansert biodrivstoff laga av avfall og t.d. skogsrestar.

Handsaming av avfall og restar er bransjen sin oppgåve, og biogassproduksjon av matrestar er eit slikt eksempel som regjeringa satsar på.

Regjeringa legg vidare opp til stopp i veksten av transport, som for oss praksis er å utnytte ressursane meir lokalt. Eit biogassanlegg og eit ettersorteringsanlegg for restavfall som dei tre avfallselskapa meiner kan vere aktuelt i Ørsta og Ålesund, legg begge opp til akkurat det.

Frå Klimakur 2030: « For å utløse tiltaket kreves det en betydelig utbygging av biogassproduksjon. Mulige virkemidler inkluderer støtte til kjøp av kjøretøy og bruk av biogass og etterspørsel etter fossilfri transport i offentlig anskaffelser.»

Kommunane har fått ei sentral oppgåve i klimakur 2030 som eigar av store deler av avfallsbransjen. I innsats mot matsvinn og vidare satsing på utsleppskutt innan oppvarming er sentrale punkt. Elles og punkt i FN sine bærekraftmål.

Regjeringa peikar på ettersortering av avfall for å ta ut meir verdiar i avfallet slik som plast. VØR tar i dag ut 11 kg pr. innbyggjar, medan plast i avfallet utgjer om lag 30 kg. For å stimulere til utsortering, skal CO₂ avgifter på forbrenning av avfall opp.

Frå Klimakur 2030:

«Økt utsortering av plast til materialgjenvinning og Økt utsortering av brukte tekstiler til materialgjenvinning bidrar til utslippsreduksjoner fra avfallsforbrenning. Økt utsortering og materialgjenvinning av plast og tekstiler er nødvendig for å nå bindende krav i EU-regelverk. For plast innebærer dette betydelige investeringer i ettersorteringsanlegg av restavfall, noe som er nødvendig for å løse ut potensialet. Dette utgjør en økonomisk barriere for kommunale og private avfallsselskap. Krav om utsortering og materialgjenvinning i avfallsforskriften for kommuner og enkelte virksomheter er et styringseffektivt virkemiddel for tiltaket, og er under utredning. Det er forutsatt at utsortering av tekstiler vil skje i husholdningene, og her vil tidsbruk og ulemper knyttet til utsortering utgjøre en barriere. Blant aktuelle virkemidler er krav om utsortering i forskrift, avfallsgebyr som faktureres ut fra mengden restavfall og dermed gir økonomisk insentiv for utsortering. Kvoteplikt eller økonomiske virkemidler som avgift på avfallsforbrenning er eksempler på virkemidler som kan gjøre det mer lønnsomt for avfallsselskapene å investere i innsamlings- og/eller ettersorteringsløsninger, og det kan også gi husholdningene insentiver til økt utsortering. For at en eventuell avgift på avfallsforbrenning ikke skal medføre økt eksport, kan det være aktuelt å også vurdere en tilsvarende avgift på avfall som eksporteres til forbrenning i land uten en slik avgift.»

I Klimakur er tvungen utsortering av tekstilar med, i tillegg opererer ein med at meir farleg avfall må ut av restavfallet, og at avfallsgebyr fakturerast ut i frå mengda restavfall som intensiv for utsortering

Miljødirektoratet sitt forslag til endring av avfallsforskrifta kapittel 7.

Krava til materialgjenvinning er generelt stramma inn. Innsamling av brukte tekstilar skal og verte kommunalt ansvar frå 2025.

Forbruket av tekstilar i Noreg er stort. Det går med mykje energi og forureinande kjemikalier for å produsere det, og innsamlingsgraden er relativt låg, i den forstand at berre den aller beste delen av dette, vert innsamla i regi av UFF, Fretex og nokre andre kommersielle organisasjonar. Mykje godt brukande tekstilar går difor til energigjenvinning.

Materialgjenvinning av tre kjem som krav med minst 25 % frå og med 2025 aukande til 30 % i 2030. Kravet i dag i 2020 er 0 %.

Plast har iflge. Miljødirektoratet 30 % materialgjenvinning inkl. EPS i dag. Denne skal aukast til 52 % i 2030. Nær dobling.

Delen brunt papir / bølgepapp skal aukast frå 65 til 90 %. Likså glas og dei ulike typane av metall.

Det er i dag vanskeleg å sjå at plastinnsamlings krava kan nåast utan å gå gjennom eit ettersorteringsanlegg.

Krav frå forsikringsbransjen og brann tilsyn.

Brannar i avfallsbransjen siste åra med uheldig utfall har gitt eit heilt korrekt auka fokus frå forsikringsbransjen og frå fylkesmennene sine tilsynsavdelingar på korleis vi som selskap driftar anlegga i det daglege. Det kostar i form av erstatning som forsikringsselskapa har fokus på, og det oppstår ureining av luft og vatn som FM set krav om ikkje skal skje.

Vårt forsikringsselskap varsla tilsyn 26 mars i år, men utsette det pga. korona viruset. Fylkesmannen har og varsla tilsyn med oss saman med DSB. (Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap). Kravet er all sortering og omlastings-aktivitet under tak. Sprinkling av bygg. Og oppsamling av alt regn og snøsmeltevatn frå asfalterte områder. Dette vil vere likt med alle anlegg i bransjen, og såleis verken vere argument for eller mot utvida samarbeid samanslåing med andre selskap.

Her er vi i gang på Melsgjerdet med anlegg under tak som er sprinkla, og det vil gi opning for å ta inn under tak avfallsfraksjonar som i dag er lagra ute i Hovdebygda. Det siste har vi planlagt å utføre i 2021.

Andre viktige moment.

Dersom det blir aktuelt med fusjon med nokon, må det gjevast garantiar for at dagens tilsette får oppmøtestad på sine kontor i Hovdebygda. Og ein slik type prosess må ikkje dragast unødige ut i tid. Evt. nytt selskap bør verke frå seinast 2023.



Petter Bjørdal
Dagleg leiar